



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til dispensasjon for arealoverføring frå gbnr. 423/20 til gbnr. 423/55 - Marøy - Alver.

Vi viser til brev frå kommunen datert 23.01.2020. Saka gjeld søknad om arealoverføring av to tilleggsareal frå gnr. 423 bnr. 20 til fritidseigedomen på gnr. 423 bnr. 55 på til saman ca. 450 m<sup>2</sup>.

Område er ikkje regulert men avsett i kommuneplanen for Radøy kommune for LNF-føremål, tiltaket ligg i 100 meters beltet mot sjøen og krev dispensasjon.



### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.



Det er søkt om dispensasjon frå arealformålet. Dispensasjonen er grunngjeve med at området skal nyttast som tilleggsareal til hyttetomta. Det er ønske om å rydde arealet og hindre vidare spreiding av blant anna sitkagran. Det er naudsynt med dispensasjon frå pbl § 1-8 i tillegg til arealformålet. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om dette. Vi gjer merksam på at ein dispensasjon krev ein grunngjeve søknad jf. pbl. § 19-1.

Tomta ligg i strandsona. I strandsona skal ein ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Ei større hyttetomt som skal ryddast kan føre til ei større privat område rundt fritidsbustaden. Dette er uheldig for friluftsliv og allmenn ferdsel i strandsona. Vi kan heller ikkje sjå at det skal vere naudsynt å utvide tomta for å fjerne sitkagran, dette bør kunne ordnast med ei avtale med grunneigar.

Fylkesmannen rår ifrå arealoverføring i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*